



# Lag forteljingar

## Oppgåve

Lag ei forteljing om ein ting. Sjå på jenta på teikninga. Ho fortel om ein boks det har vore noko i. Fiskebollar? Oliven? Ho lèt som om ho er boksen. Boksen fortel historia si.

Du treng: ein ting som du kan fortelje historia om. Er tingen for stor, kan du teikne han.

## Framlegg til forteljingar

1. Eg er ein genser. Eg vart laga av ..... Det er ..... som har brukt meg. Dei seier at eg er vorten for liten. No skal eg .....
2. Eg er ei eske som det har vore pizza i. Fortell historia mi. Korleis vart eg laga? Kva kan eg bli no?
3. Eg er eit tv-apparat. Nokon fann meg i grøfta. Korleis hamna eg der? Dei seier dei skal «kjeldesortere» meg. Kva skal dei gjere?
4. Eg er ei brusflaske av plast. Fortell korleis eg vart laga. Fortell kva eg blir til når eg vert panta og attvunnen.
5. Eg er ein planet som ingen har visst om før. På meg bur det vesen som er veldig gode oppfinnarar. Dei lagar ting, men dei lagar ikkje forureining, og dei øydelegg meg ikkje. Fortell korleis dei får til det!